

**Lindås Kommune
Byggesak**

Eikangervåg, 20.08.2019

Klage på avslag - gbnr. 185/202 - sak. 416/19

Viser til dykker avslag i sak 416/19 datert 26/07-2019 og klagar med dette på vedtaket.

Grunna ferie er klagen innsendt nokre dagar over fristen men tiltakshavar har levert eige skriv datert 08/08-19 med søknad om utsett frist for klage. Me legg til grunn at kommunen ser klagen som rettidig levert med bakgrunn i dette.

Vår vurdering er at sosiale forhold må tillegast vekt i vurderinga, noko kommunen ikkje har gjort i sitt vedtak. Det føl av både statlege, regionale og kommunale planar at det er eit mål å la folk bu lengst mogleg i eigen bustad – skal ein nå det målet krev det tilpassing av bygningsmassen for å få det til.

Det er omtalt i stortingsmelding «*Meld. St. 15 (2017-2018) Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre*» at nettopp dette er eit samfunnsmål. I kapitel 4.3.1 er det også omtalt eit program som tar sikte på nettopp det å få folk til å tilpassa eigen bustad i forkant av alderdomen slik at dei kan bu der lengst mogleg– det er nettopp det ein forsøkjer å gjøre i dette tilfelte og me meiner difor at det må vektleggjast tungt i positiv retning for tiltakshavar.

Vår vurdering er fortsatt at tiltaket ikkje medfører meir sjenanse en pårekneleg i eit tettbygd område og i alle fall ikkje vurdert opp mot behovet og moglegheita for tilpassing av eigen bustad. Me oppmodar vidare om at det vert gjort ei befarings i samband med klagevurderinga slik at ein får ei reelt og riktig inntrykk av forholda på staden.

Med vennlig helsing
for Emil Gundersen



Lars Alvær Hagesæter

